



Alver kommune Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: d5ac58d3-3f99-46bb-8fcf-162bed3f3083

Vår: 20/7980 - 20/20117

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@alver.kommune.no

Dato:

19.05.2020

Høyringsuttale - Reguleringsplan for Alverstraumen kai

Den 02.04.20 mottok Miljøretta helsevern reguleringsplan for Alverstraumen kai. Frist for merknader er sett til 03.06.20.

Detaljreguleringa legg til rette for oppføring av 28 bustadar i to lågblokker. Planframlegget legg og til rette for eit kaiområde, småbåthamn, parkeringsanlegg og eit leikeområde m.m. ved Alverstraumen kai.

Merknader

Miljøretta helsevern har fylgjande merknader til reguleringsplan for Alverstraumen kai:

Reguleringsføresegn;

- **2.13 Støy:** Gjeldande retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging skal leggjast til grunn ved nybygg. Kommunen skal krevja utrekning av støy på fasade mot Fv 565 på nybygg og felles leikeplass.
- Miljøretta helsevern er samd i at støykartlegging og ev. tilrettelegging må utførast for bustadområdet og felles leikeplass. Vi vil påpeike at dersom det vert planer om bygging av nærmiljøanlegg med f.eks. ballbinge/ballbane nær bustader, må det tas omsyn til støy frå denne. Her må bl.a. utforming og plassering vurderast.
Syner til: [Veileder for støyvurdering ved etablering av nærmiljøanlegg](#)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Det må skildrast trafikksikringstiltak mot busshaldeplass i sørgående retning på fylkesveg 565, kryssing av fylkesvegen må utgreiast.
- Miljøretta helsevern er samd med rådmannen. Vi vil påpeike at det samstundes må utførast trafikksikringstiltak for heile området med tilførselsveger til/frå hovudveg og buss-stopp.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

- Mengd leik- og uteopphaldsareal må samsvare med krava som er stilt i kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen. Kaiområdet kan reknast med som uteopphaldsareal.
- Miljøretta helsevern er samd med rådmannen. Det er viktig for bl.a. folkehelsa at det er tilstrekkeleg med uteopphaldsareal, som kan bidra til fysisk aktivitet og rekreasjon.

Med helsing

Grethe Elin Mjelde
teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og
byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG